# Eikefjord DAGANE

EIKEFJORDDAGANE 10 år 2003–2013

## 16.–18. august 2013



Foto: OA Endestad



Foto: Dag N. Frøyen, Firdaposten

«Veltepetter» SIGRID MOLDESTAD «Gråtass»
KIRKEROTTENE «Elias» SPIK ADEL
Plasthoppbakke K8 BJØRO HÅLAND Dyreutstilling
ROY ARON MYKLEBUST






## SØRLANDSSOMMER PÅ IDYLLISKE STRAND HOTEL FEVIK

25 minutter fra Dyreparken finner du Sørlandets eneste funkishotell, beliggende i havgapet mellom Arendal og Grimstad. Med nytt hotellbygg og doblet kapasitet, 90 lyse og innbydende rom/leiligheter/suiter, velværeavdeling, kortreist mat og Sørlandets mest spektakulære utsikt, er vi et naturlig førstevalg for kurs og konferanse, ferie og feiring. Velkommen!

**Egne kampanjepriser på enkelte kategorier hotellrom for barnefamilier i sommer!**

STRAND HOTEL FEVIK

**STRAND HOTEL FEVIK** · 4870 FEVIK **TELEFON** 37 25 00 00
**FAKS** 37 25 00 01 · **EMAIL** BOOKING@STRANDHOTELFEVIK.NO
WWW.STRANDHOTELFEVIK.NO

design: innoventi / foto: JP Lehne





# Velkommen!





...der hjartet er!

**Hald kontakt med heimplassen gjennom eit abonnement på lokalavisa DI.**

**Firdaposten**

*kystavisa*

Tlf. 57 75 73 00




# Eikefjorddagane jubilerer i 2013!

Då er vi godt i gang med planlegginga til jubileumsdagar for Eikefjorddagane som blir arrangert 16.–18. august 2013! Dagane har i alle desse åra blitt arrangert helga før skulestart, noko som har vist seg å vere eit godt tidspunkt for oss.

Jubileet skal sjølvsagt markerast med eit innhaldsrikt program for alle aldersgrupper. Vi har eit variert barne- og ungdomsprogram med bl.a. dyreutstilling, veterantraktor, plasthopping på ski, båten «Elias», ansiktsmåling og hesteriding for å nemne noko.

På Eikefjorddagane kan ein få med seg underhaldninga i messeteltet, kjøpe rømmegraut eller ein god grillmeny, eller ta ein handletur rundt på marknaden. Der kan ein mellom anna kjøpe kortreist mat, husflid, kunst eller andre ting til heimen frå lokal produksjon.

Ordførar i Flora, Bengt Solheim Olsen, vil stå for opninga av dagane fredag, og kunstvitar Fridtjof Urdal vil opne kunstutstillinga som i år har Vesla Kielland som hovudutstillar.

Kyrkjekonserten fredag kveld (kl. 20.00) med Sigrid Moldestad og bandet blir garantert ein stor oppleving, og ei fin markering av at Eikefjord kyrkje i år fyller 200 år.

I messeteltet fredag kveld blir det allsong og god stemning med bandet Gran Prix, og ein lokal komikar vil gå på scena ved midnatt.

Laurdag kl. 10.30 startar marknaden, og i år blir det stort marknadstelt med mange nye utstillarar og boder.

«The Grand Old Man» Bjøro Håland går på scena kl. 12.00, før NRK sin programleiar Erlend Blaalid Oldeide skal leie valdebatt



med mange av 1. kandidatane frå fylket til stortingsvalet.

Spik Adel spelar opp til dans på Langedalsbua laurdag kveld.

Søndag kjem komikaren Roy Aron Myklebust, som bl.a. er kjend for sine mange figurar på NRK Sogn og Fjordane.

Denne helga bør ein ta turen til Eikefjord for ei fin oppleving. Vi ynskjer alle hjarteleg velkomne!

Anders Ole Sunnarvik

Anders Ole Sunnarvik
- Leiar



# KONSERT

## Sigrid Moldestad Band

**Eikefjord kyrkje**
**fredag 16. august kl. 20:00**

**Dørene opnar kl. 19.30 – Billettpris kr 250,-**
**Førehandssal av billettar hos Narvesen i Florø og Spar i Eikefjord.**



# JUBILEUMSPROGRAM

## fredag 16. august

Kl. 17.00 Opning av Eikefjorddagane 2013
ved Ordførar i Flora kommune, Bengt Solheim Olsen,
i messeteltet ved In-spire sine lokale.
- Gratis kaffi og kaker
- Musikkinnslag med Laila B. og Torbjørn Gran
- Utdeling av Eikefjordprisen 2013

Kl. 18.00 Opning av kunstutstillinga v/Fridtjof Urdal
1. etasje i tidlegare lokale til Nærleiken. Sjå eigen omtale.
Hovudutstillar: Vesla Kielland

Kl. 19.00 Fotballkamp senior menn 5. divisjon Eikefjord Idrettspark (kunstgras):
Eikefjord IL – Stryn 2

Kl. 20.00 Kyrkjekonsert med Sigrid Moldestad & Band. Sjå eigen omtale.
Jubileumskonsert – Eikefjord kyrkje 200 år.
Dørene opnar kl. 19.30.

Kl. 21.30 Messeteltet i sentrum opnar:

Kl. 22.30 Gran Prix med allsong, dans og mykje moro. Sjå eigen omtale.
Inngangsbillett kr. 150,-.

Kl. 22.00 Ungdomsarrangement Eikefjord Idrettspark
Følg med på eikefjorden.no, og Facebook for meir informasjon.

Kl. 24.00 Overrasking: Komikar på scena med lokale karikaturar.
Dette vil du IKKJE gå glipp av!









# «Spik Adel»

Laurdagskvelden blir det fest og dans på Langedalsbua i Eikefjord. Dørene opnar kl 21.00.
Vi har igjen fått tak i «Spik Adel» frå Bremanger. Som namnet seier spelar dei sterk og vedvarande rock'n roll frå 70-, 80- og 90-talet med røter i folk, blues og moderne country.

Ønskjer du å løyse svetten på dansegolvet eller leske strupen ute eller inne, er Langedalsbua plassen denne kvelden!

## DANSEBUSS

**tur/retur Florø**

**Avgang frå Florø laurdag kl. 21:00**

**med retur frå Eikefjord kl. 02:30**

**Pris kr. 50,- kvar veg**

OBS! Bussen køyrer same veg som rutebussen (via Solheim).



# JUBILEUMSPROGRAM

## laurdag 17. august

Kl. 10.30 Marknaden opnar
- Utstillarane både i storteltet, diverse lokale i sentrum og ute, opnar sine boder.
- Kunstutstillinga på tidl. Nærleiken opnar.

Kl. 12.00 Matstasjonane opnar.
- Eikeskogen – grillmat
- Allhuset – rømmegraut, kaffi og kaker.
- Sunnarvika – grillmat

Kl. 12.00 Messeteltet i sentrum: (sjå eigen omtale)
«The Grand Old Man» Bjøro Håland går på scena som forspill til «amerikansk valkamp».

Kl. 12.30 Valkamp Stortingsvalet 2013
– debattleiar: Erlend Blaalid Oldeide.
I politikarpanelet: Jan Tore Sanner (Nestleiar Høgre og stortingspolitikar Akershus frå 1993),
Ingrid Heggø, (1. kandidat AP),
Frank Willy Djuvik (1.kandidat FRP),
Sveinung Rotevatn (1. kandidat Venstre),
Vibeke Johnsen (1. kandidat SV)
Sigurd Reksnes (3. kandidat SP).
Bjøro Håland held fram med kjente slagerar etter valkampen.

Kl. 13.00 Barneunderholdning – KIRKEROTTENE i Eikefjord kyrkje.
Sjå eigen omtale.

Kl. 15.00 Underhaldning frå scena i messeteltet:
Trekning på inngangsbillett.

Kl. 17.00 Marknaden stenger.

Kl. 21.30 Dans med Spik Adel på Langedalsbua.
Sjå eigen omtale.



***BARNE-AKTIVITETAR:***
- ***Maskoten Eike***
- ***Ansiktsmaling (laurd. 12-16)***
- ***Flora Fauna***
- ***Hesteriding***
- ***Dyreutstilling***
- ***Elias-båten (laurdag)***
- ***Gråtass***
- ***Tohjuls-traktor***
- ***Veltepetter***
- ***Bråstopp***
- ***Veteranbuss***
- ***Gravemaskin-køyring***
- ***Fiskekummer***
- ***Teikne-konkurranse (Eike-teikningar)***
- ***Tur med brannbil***
- ***Plasthoppbakke K8***
- ***4H-leir***

«The Grand Old Man»

# Bjøro Håland



Bjøro Håland er ein norsk sangartist, mest kjend frå country-sjangeren.
Håland blei fødd på ein liten gard kalt Håland, og vaks opp saman med fem søsken. Scenedebuten hans var då han var fem år gammal. Då han fylte 17 år, emigrerte han til USA. Der jobba han som snikkar og sang i barar. Han møtte kona si Liv i Brooklyn, og dei flytta tilbake til Norge i 1966 og busette seg i Kristiansand. Dei har to barn saman.
Hans første plateinnspeling var i 1970. Til saman har han gjeve ut 22 album som er selt i fire millionar eksemplar.

Håland blei i 2012 utnemnd til riddar av 1. klasse av Den Kongelege Norske Fortenestorden «for sitt arbeid med å fremme de mellomfolkelige forbindelser mellom Norge og USA, særlig innen musikk.»
Bjøro Håland møter du i storteltet i Eikefjord sentrum laurdag kl 12.00.



Lun og folkeleg humor med

# Roy Aron Myklebust



Som for to år sidan tek Roy Aron Myklebust med seg eit knippe av sine mange figurar han har skapt gjennom 15 år med show og revy. Men i tillegg har han også med sin gode ven og revykollega, Inge Matias Tvinnereim. Desse to har stått ilag på scena sidan russerevyen på vidaregåande, og kan saman by på eit forrykande show tettpakka med latterføde.
Denne gongen får publikum mellom anna møte den pensjonerte trappesnikkaren Gudvald, Hekla-Kari, den ukjende Flo, den trauste nordfjordingen som slit med å kome til poenget, og ikkje minst vert det beiterettdebatt med høg temperatur!

Myklebust og Tvinnereim er kjende for sin folkelege og lette humor, der gjenkjenning og gjennomført typespel står sentralt. Begge har motteke fleire prisar for sin innsats på revyscena, og er mykje brukt til underholdning i større og mindre samanhengar. Søndag inviterer dei til show i teltet.



# JUBILEUMSPROGRAM

## søndag 18. august

Kl. 11.00 Friluftsgudsteneste på stranda.
Blir i kyrkja om dårleg vêr.
Kl. 11.30 Marknaden opnar.
- Utstillarar både ute og inne, opnar sine boder.
- Kunstutstillinga opnar.

Kl. 12.00 Matstasjonane opnar.
- Eikeskogen – grillmat
- Allhuset – rømmegraut, kaffi og kake.
- Sunnarvika – grillmat.

Kl. 14.00 Messeteltet i sentrum:
Komikar Roy Aron Myklebust – kjent blant anna frå NRK og «Radio Røysi».
Kl. 15.00 Underhaldning frå scena i messeteltet :
- Trekning på inngangsbillett.
- Utdeling av Idrettslaget sine prisar.
- Trekning av Eike-teikning.

Kl. 17.00 Marknaden og Eikefjorddagane 2013 stenger.



***BARNE-AKTIVITETAR:***
- ***Maskoten Eike***
- ***Hesteriding***
- ***Flora Fauna***
- ***Dyreutstilling***
- ***Gråtass***
- ***Tohjulstraktor***
- ***Veltepetter***
- ***Bråstopp***
- ***Veteranbuss***
- ***Gravemaskin-køyring***
- ***Fiskekummer***
- ***Teikne-konkurranse (Eike-teikningar)***
- ***Tur med brannbil***
- ***Plasthoppbakke K8***
- ***4H-leir***
- ***Speidarleir (søndag)***









## GUUS MOREL – ALM GARD ISKREM

I den vakre bygda Feios i Sogn har dei fått innflyttarar som satsar utradisjonelt. På Alm Gard finn vi Telemarkskyr, høns, grønsaker og bringebær. Med utgangspunkt i eigne råvarer produserar Guus Morel og familien heimelaga iskrem etter tradisjonelle oppskrifter. Nydeleg og velsmakande is laga av frisk mjølk, fløyte og egg, og smakssett med sjølvdyrka frisk frukt. Denne isen inneheld ikkje kunstig aroma, fargestoff eller konserveringsmiddel. Under årets Eikefjorddagar kan du forfriske deg med eit slikt urnorsk gardsmatprodukt.




## KANDAL KJØT

Vi er ein småskala matprodusent som driv med foredling av geit- og kjekjøtt. Vi held til i Kandal i Nordfjord i Sogn og Fjordane. Bygda, med sine brattlente gardar og luftige fjell, har lange tradisjonar med geitehald. Vi ynskjer å formidle våre produkt, slik at også De skal få kjenne smaken av denne flotte råvaren så derfor er vi på dei 10. Eikefjorddagane!

## MENES RØYKELAKS

Med turistattraksjonen Sognefjorden som nærmaste nabo produserer Inge Menes norsk røykelaks for kresne ganar. Framgangsmåten er bygd på lange tradisjonar, med dei beste råvarene og krydder henta frå naturen sitt eige kammer.



## INGA SÆTERLID – NATRONKAKE OG GIMPA DÅPSKJOLE

Inga Sæterlid er igjen på plass med natronkakene og lefsene som får dei fleste til å verte mo i knea. Ho veit å ta vare på gamle tradisjonar. I tillegg til å lage natronkaker og lefser, tek ho vare på den meir sjeldne teknikken gimping, som er ein husflidsteknikk. Inga Sæterlid vil ha med seg ein vakker gimpa dåpskjole for sal.

## FRISK FLORA - SUNN MAT RETT HEIM

Frisk Flora tilbyr deg rein og sunn mat i tillegg til økologisk frukt & grønt levert rett heim til deg som bur i Florøområdet og Eikefjord sentrum. Eg vil at alle som er opptekne av rein og sunn mat har lettare tilgang til produkt UTAN tilsetningsstoff, gluten, mjølk og sukker. I tillegg vil vi tilby økologiske produkt, supermat og råmat slik at det er lettare å ta vare på di eiga og familien si helse. Eg vel nøye dei beste produkta som eg sjølv vil bruke, og kan difor gje personlege råd og tilbakemeldingar. Det er viktig for meg at det er lettare for deg å ete reint og sunt, og eg vil gjere det eg kan for å finne dei beste prisane utan å tape kvalitet. ***Kom innom vår stand på Eikefjorddagane!***








## LYKKELITENS BAKEVERKSTED – ANN HELEN OSA

Hobbyar er mange, men kakebaking er ein av dei store, så på Eikefjorddagane kjem eg til å vise fram nokon av bakeprosjekta mine, og håper det kan vere med på å inspirere. Har du spørsmål – ta gjerne kontakt med meg på mail; annhelenosa@hotmail.com.




## BREIM GARDSMAT

ligg i jordbruksbygda Breim få km frå Byrkjelo i Nordfjord. Garden er eit tradisjonelt mjølke- og bærproduksjonsbruk. I tillegg til bær, mjølk og kjøt, vert det produsert ulike slag pølser frå eigne dyr og etter gamle oppskrifter frå distriktet. På garden har vi utsal av våre populære julemiddagspølse, dampepølse og spekepølse, bringebær, jordbær samt saft og syltetøy.



## LOMELDE GARD DA

Sel frukt og bær frå eigen gard ved Sognefjorden.
Heimeside: www.lomelde.no




## GERD OG ASBJØRN ALDEN

er eit ektepar i 60- åra frå Stryn. Medan Asbjørn laga og produserer trevarer som kaketiner og fat, rosemåler Gerd dei i telemarkstil, blanda med si eiga inspirasjon. Dette er ein hobby for ekteparet som dei byrja med for 10 år sidan. Dei lagar mest kaketiner, ølbollar, fat, bundasskrin mm.



## BRITO SPEKEMAT

Odd Birger Jensen er eigar av Brito Spekemat. Han tek med seg mange gode spekematprodukt og kjem på Eikefjorddagane.



## HÅJEN LEFSEBAKERI

held til på Slettehaug gard i Frammarsvik, 6 km vest for Naustdal sentrum. Vi bakar lefser, flatbrød, fiskebrød, potetkaker og natronkaker. Varene sel vi på marknadar, torgdagar, gjennom butikk og i vårt utsal på garden. Vi driv også kafè på garden. Tradisjonsrik mat med lokale råvarer. Sommarsesongen har vi ope mandag til fredag kl 12–17 og søndag kl 12–18. Kontakt: Tlf 57 81 82 60 - Epost: hslettehaug@gmail.com. Meir info er å finne på Facebook; Håjen Kafè og på heimesida vår; www.haajen.no.






## ANNE GRETE BRANDSØY
## – DIN TOTAL-LEVERANDØR AV HELSE & VELVÆRE

- Behandlingssenter i Trovikbakken - Bedriftsterapi
- Massasje, behandling av triggerpunkt, bindevev og energibaner
- Laserbehandling
- Vivitex, klær med infrarød stråling
- MedicMarine, kaldpresset haiolje, omega 3 m.m.

Kontaktinfo: agbrandsoy@gmail.com - Mobil 95 24 99 68.

## sunkost FLORØ

Som spesialist i helsekost og personleg velvære har vi det beste utvalet i utprøvde og kvalitetskontrollerte produkt.
Du finn oss på Amfisenteret i Florø.
Vi har ope mån–fre 10–18 og laurdag 10–16.
Tlf. 57 74 04 43 – floro@sunkost.no
sunkost.no/butikk/sunkost-floro



*Aud Staveteig, butikksjef.*

## LEA CECILIE EIKEFJORD - FOT- OG KROPPSTERAPEUT

- Lea Cecilie Eikefjord (autorisert fotterapeut og spaterapeut)
- Terapi & velværeklinikken (avdeling Eikefjord og Førde)
  Selger hud- og fotprodukter, sko, såler og sokker.
  Gavekort på fot- ansiktsbehandlinger, massasje m.m. tlf 95 13 94 17.

## INGUNN NES – LCN NAIL & BEAUTY CENTER



På LCN Nail & Beauty Center (i Strandgata 24) i Florø har eg massasje, voksing, fotpleie, hudpleie, negledesign, handpleie, farging/forming av vipper og bryn. Har og eit godt utvalg av hudpleiekremar for ansikt og kropp, fot og handkremar, neglelakkar, pynt til negler og ikkje minst make-up.
Under Eikefjorddagane vil eg demonstrere make-up fra Make Up For Ever, neglelakkar som herdar i UV-lys og som sit dobbelt så lenge som vanleg neglelakk, soak-off-gel som sit opptil 4 veker, diverse spesielle lakkar og pynt – alt frå LCN. Blir og salg av lakkar og kremar både frå LCN og Tegoder. Og sjølsagt knalltilbod på nokre godbitar frå LCN og Tegoder. Ønsker alle velkommen innom for ein kikk og koseleg prat.



## ANNE-KARIN ALME – TUPPERWARE

I 15 år har ho reist til heimar rundt omkring for å vise siste nytt i Tupperware. Først var det ein hobby, så halvtidsjobb og no jobbar ho som konsulent på heiltid. Løna er basert på kor mykje ho sel og det varierer veldig kor mange selskap ho har. Vi er alle sjølvstendige og eg kan jobbe så mykje eller lite vi vil. Det er det som er fordelen med denne jobben!





## AUD HJELLE DESIGN – LETT OG LEKKERT



Aud Hjelle tilbyr damekle, hovudsakleg jakker og kåper i ullfilt. Filosofien hennar går ut på å lage enkle plagg som er lette å kombinere med kvarandre, og med andre kle og anna tilbehør. Kleda er laga av ullfilt som består av 85 % ull og 15 % polyester, og blir derfor veldig lette og lune. Dei kan produserast i 13 ulike fargar eller kombinasjonar. Be om fargekart, og set saman ditt eige plagg!
Aud Hjelle Design, Årskogvika, 6778 LOTE – Tlf: +47 57 86 44 17
Mobil: +47 913 71 659 – www.audhjelledesign.com – audhjel@start.no

## KATALIN M. BAKKE
## – POTTEMAKAR MED FAGBREV



Lokalisert i Sogndal der ho har utsalg. Ho har mange nye og nyttige saker i keramikk. Test ut effektiv skål med innebygd rasp som kan brukast til å lage kvitlauksdressing etc. Smart og fint! Kortreist og ekte tradisjonelt handverk.

## KRISTIN SCHEI



Har sitt daglege virke i barnehage. I 10 år har ho delteke på vevstova til Husflidslaget i Sogndal. Ho er sjølvlærd, men har teke nokre kurs i veving.

## LEIF GUNNARSKOG



Snikkar av yrke. På fritida driv han med dreiing og treskjering der han er sjølvlærd. Har hatt utstilling i Balestrand i samband med reiselivsmuseet. Leif Gunnarskog har dreia mange nye ting frå ulike trevirke funne i Sogn. Perfekt som sommarminne, eller som gåver det ikkje finst maken til - i heile verda!

## TOVE ØVREBØ RINDHEIM - KATTEPINA GLASSDESIGN




Jeg har arbeidet med glass siden 2004. Kunnskapen om glassfusing har jeg tilegnet meg ved «Glassforum» på Averøy, et kompetansesenter innen glasskunst i Norge. Glassfusing er en 4000 år gammel teknikk hvor glass blir sammensmeltet, formet og dekorert i ovn ved 670-830°C. Materialet som blir brukt er kunstglass «Bullseye» i både opake (gjennomfarget glass), transparent glass (gjennomskinnelig) og helt klart glass som jeg bruker pulver på. Jeg arrangerer kurs i glass og effekter, glassmykker og sølvleire. Hvert kurs er på ca. 6 timer og kan deles opp på to kvelder om ønskelig. Passer til vennegjeng eller arbeidskolleger. Maks antall er 6 personer.

### FLORØ JEGER OG FISKEFORENING

kan i dag tilby aktivitetar innanfor alle kategoriar – det vere seg jakt, fiske, skyting og hund. Vi tilbyr kurs innan jegeropplæring, flugekasting/binding etc. Vi har satsingsområde på born/ungdom og kan tilby aktivitetar innanfor opplæringsjakt og fiskeklubb. Foreininga disponerer eigne eksklusive jakt- og fiskerettar for medlemmar, og ei mengde tilgjengeleg utstyr som – fiskestenger, våpen, lavvo, kano, kajakk osv.



### FLORA TURLAG

er tilslutta Sogn og Fjordane Turlag som ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforening. Flora Turlag sitt medlemsområde er Flora kommune og tilliggjande fjellområde, særleg Ålfotbreområdet. Flora Turlag skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenneleg friluftsliv og for sikring av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.




### FASADEPRODUKTER

Din totalleverandør innen solskjerming. Kom til vår stand og avtal gratis befaring. Vi kjem når det passar deg!



**AASE LANDBRUK AS** har sitt hovudkontor i Sandnes med avdelingar i Førresfjorden ved Haugesund, Hægeland i Vest-Agder og Sande i Sunnfjord. Firmaet er importør for McCormick traktorar. I tillegg har vi ein betydeleg reiskapsimport frå Danmark, Frankrike, Italia, USA og Polen. Aase Landbruk AS er også forhandlar for Lena Maskin og Cifi.

### PROFFPARTNER

Treng du utstyr til hus, hytte, båt, hobby og fritid så fører vi kvalitetsprodukt frå Jernia, Viking, Stihl og Bosch. På Eikefjorddagane finn du oss med eigen stand og gode tilbod!



### MONICHA LANDØY – FLORAFAUNA

- Vandreutstilling Biologisk Mangfold

Du kan lage naturdekorasjon, lage fuglar av naturmaterialer og fjør frå norske fuglar som tiur/røy/gås, eller snekre båt. Kr 80 pr naturbilde - Kr 100 pr fugl - Kr 60 pr båt. Inntektene går til å drive Byakvariet i Florø.







### G-SPORT

Kommunen sin eldste sport- og fritidsbutikk tek med seg sports-, fritdsutstyr og jakt/fiskesaker autsover, og har eigen stand med spennade tilbod for dei som ser fram til haustlege aktivitetar. ***Kom og besøk oss på ED 2013!!!***

### SELJE SPORT OG FRITID

har som motto å selje kvalitetsprodukt til forbrukarvenlege prisar. Firmaet blir drive som eit lagerutsal og vi har dei fleste varene på lager. Vi fører sko og sportskle frå merket Saucony for bruk til fritidsaktivitar/konkurranse. Om du besøker vår stand på Eikefjorddagane vil du kunne sjå våre produkt og gjerne oppleve eit godt tilbod. Sjå også: www.seljesport.no

STRANDGATA
**Sport- og Solsenter**

**STRANDGATA SPORT** leverer kvalitetssykler til alle behov. Eg har ein fullt utbygd sykkelverkstad og reparerer alle typer sykler.

Ved kjøp av sykkel hos Strandgata Sport oppnår du desse fordelane:

• Prøving av sykkelen - før kjøp • 1. service gratis. (evt. deler må betales) • Reparasjoner - eget verksted • Rikt utvalg av kvalitetsdeler alltid på lager.

**KLIMAEXPERTEN** i Florø er ein total ventilsjonsentreprenør i og for Sogn og Fjordane. Selskapet er ein del av JOH Gruppen som har fleire satsingsområde. Drivkrafta bak Klimaexperten er at vi tilbyr totalløysingar med teknisk entreprise og har kompetanse som ventilasjonsentreprenør. Inneklima i nye- og eksisterande næringsbygg er Klimaexperten sine kjerneområde.





**SUNNFJORD BYGG AS**, 6800 Førde er vårt salskontor og dekkjer følgjande kommunar: Askvoll, Fjaler, Førde, Florø, Jølster, Naustdal og Gaular. BoligPartner leverer arkitektteikna hus og hytter innanfor ferdighuskonseptet. Vår hus - og hyttekolleksjon er meint som eit utgangspunkt for realiseringa av bustadraumen din, og vi er stolte av å kunne leve opp til slagordet vårt ***- husene folk snakker om.***

### EIKEFJORD AKTIVITETSGARD

stiller med hestar så alle hesteinteresserte jenter og gutar kan ta seg ein ridetur. Vaksne er også hjerteleg velkomne til å ta ein tur! Pris pr. tur er kr 30,-.






## KARINS VEVSTUDIO

Produserer ulike produkt innan vev: Bunad-forkled, bunad-band, veggteppe, løparar, kopiering av gamle mønster.
Driv utsal av vevgarn/strikkegarn: Rauma, Norsk kunstvevgarn.
Leverer renningar etter behov.
(Adr: 6826 Byrkjelo,
tlf 57868833/ 91720427)



## ANTIKK OG BRUKT

Vi heter Kirsten og Mindor Gjerdsbakk, og er et ektepar som bor i Langevåg på Sunnmøre. Nødvendigheten og ønske om å ta vare på brukte og antikke gjenstander var grunnen til at vi begynte med kjøp og salg. Gleden av dette har drevet oss i 20 år. Vi reiser mye til Sverige, og handler også mye der, både på auksjoner, gjenbruk og antikvitetsbutikker. Eksempel på varer derifra er broderte duker, laken og putevar, som er en stor del av vårt sortiment. I Norge deltar vi på messer over store deler av landet. I vår var vi på Vikingskipet, og senere skal vi til både Hellesylt, Tresfjord og Eikefjord. Vi sees!





## SISSELS MOTE – DET LILLE MOTEHUS

I år kan du «fornye» deg på Eikefjorddagane og haustens mote er gjerne på plass. Kom å prøv og sjå!





## ÅSE OG ANITA HAVN – SAUM OG STRIKK

Åse er vår faste humørspreiar. Både ho sjølv og produkta hennar er til å bli glad av. Åse syr vadmelsvestar med skinndekor, hattar, beltepungar, samt diverse dekorerte vesker av mindre storleik som kan nyttast til ulike høve. I år som i fjor har ho også med seg dei fargerike strikkeprodukta som er laga av dottera Anita. Dei fjonge trekantsjala i spreke farger er laga både i bomull og i eksklusiv alpakkaull. Med friske fargar og snerten design kan einkvar kvinne pynte seg til kvardags og fest.





## BILUTSTILLARANE PÅ EIKEFJORDDAGANE 2013:

**AutoForum**:
- stiller med Ford og Nissan.
- Ta turen til AutoForum sin stand i sentrum!

**Berge & Co AS**:
- stiller med VW, Audi og Skoda.
- Ta turen til Berge & Co sin stand i sentrum!

**Opus**:
- stiller med Opel, Suzuki og Izusu.
- Ta turen til Opus sin stand i sentrum!

## FLORØ AMCAR KLUBB

består av ca. 20 betalande medlemmer, men er open for alle som ønskjer å vere med. Klubben har halde på sidan 2010, og har fleire samlingar og cruisingar gjennom heile året, i tillegg til den store vårmønstringa kvar mai. Sjølv om vi har namnet Amcar-klubb er det ikkje nødvendig å ha amcar for å vere med, så lenge du har interesse for bil er du velkommen!

## Sunnfjord RC

Sunnfjord RC Klubb blei starta 04. Juni 2007 av ein gjeng RC-entusiaster. Klubben fyller heile spekteret med både bil, båt, fly og helikopter. Vi har ei brei aldersgruppe med medlemmer frå 3 til 50 år og er ca. 30 aktive medlemmer. Sunnfjord RC Klubb er ein non-profitt klubb som har som mål å samle folk med same interesse og gje desse eit tilbod til å utøve hobbyen på ein sikker og trygg måte.



**TRYG SALGSSENTER (VEST ASSURANSE AS)**, 6900 Florø. Vi er det nest største skadeforsikringsselskapet i Norden med aktivitetar i Danmark, Norge og Sverige. I Danmark og Norge er vi henholdsvis den største og tredje største aktør, mens vi i Sverige er femte største aktør. Våre forsikringar dekker blandt anna arbeidsskade, bil, eigedom, lausøyre, transport, villa, ulukke og helse. Vi tilbyr for det meste forsikringar gjennom eigne sals- og servicekanalar samt gjennom partnerar som Nordea og AXA Corporate Solutions.

## FLORØ DEKKSENTER

Kom på Eikefjorddagane og sko deg til vinteren!

## Geir's Trafikkskole

**GEIR`S TRAFIKKSKOLE AS** driver trafikkopplæring i Florø. Daglig/faglig leder er Geir Ståle Gåsøy som startet med trafikkopplæring i 1979. Vi kjører Mercedes.






Wonderlandsenger justeres individuelt



Wonderland senger har skuldersone og justerbar hoftesone. Du kan regulere hvor dypt hoften skal synke i forhold til skuldeeren. Slik kan sengen tilpasses individuelt for optimal komfort.

MØBELRINGEN

FØRDE VAREHUS
Hafstadv. - Førde - Tlf: 57 72 37 90




«Drømmer»

## Hovudkunstnar ED 2013:

# Vesla Kielland



«Foss»



### OPNING FREDAG 16. AUG. KL 18:00

Ho er busett i Kristiansand, og nærast sjølvlærd. Har drive utstrekt undervisning innan akvarell, akryl- og blandingsteknikkar i Skandinavia, bl.a. på Sommarakademiet i Kalvåg. Ho har hatt 20 separatutstillingar og delteke i 12 kollektivutstillingar. Bilda viser figurative og fabulerande motiv.

www.pwc.no

Samarbeid skaper ekte verdier

Vi har kontor i Førde, Florø, Måløy, Stryn og Sogndal.



pwc

Kontakt oss gjerne:

Statsautorisert revisor
Jan Flølo
Tlf: 952 61 321

Statsautorisert revisor
Jan Ove Helle
Tlf: 952 61 333

Siviløkonom
Kjetil Myrland
Tlf: 952 61 314

Advokat
Gunnar Bøyum
Tlf: 952 61 313



Ventilasjon • Fasade • Tak • Verkstedproduksjon

norblikk.no
- med blikk for gode løysingar

Florø - 57742511 - post@norblikk.no - www.norblikk.no

iVest Consult
Rådgjevande ingeniører

Strandgata 15 – Florø – Tlf: 976 27 000 – www.ivestconsult.no

TVERRFAGLEG RÅDGJEVING – BYGG – ANLEGG – INFRASTRUKTUR OG MILJØ







«Fargeleik»



«Søndagsmorgon i Eikevika»

## SIGRID GROV – BILETKUNSTNAR



Sigrid Grov (67) bur i Førde. Hausten 1991 opna ho og mannen Kjell Grov Galleri G. I mars 1993 opna ho si første separatutstilling i Galleri G og sidan har ho deltatt på fleire utstillingar, mellom anna vore hovudutstillar på Gaular-marknaden, Gjestgivargarden i Utvik, Vannylven Kunstlag, Fiskå, Pamela Dunbar Atelier, Kalvåg, «Kunst i Kyrkja- KIK», Kollektiv utstilling, Høyanger, og Sumar-utstilling Galleri Øyra-tunet, Svelgen m.fl. Sigrid er glad i natur og sterke fargar og det visar att i måleria. Akvarellen er meir dus i fargespelet. Ho tek gjerne skisser ute, som ho gjer ferdige i atelieret i Hafstadvegen 9. Galleri, butikk, måling og husmorgjerninga let seg kombinere når alt er samla i eitt hus.

## ODDRUN MIDTBØ – TEKST • FOTOGRAFI • ILLUSTRASJON



Eg arbeider i ulike teknikkar og kan skreddarsy illustrasjonar etter ønskje. Eller gi meg frie hender og eg vil kome med forslag som gir teksten eit blikkfang som løfter han opp av anonymitet. I fleire tiår har eg hatt kamera med meg overalt på arbeid. Det har resultert i mange bilete innanfor ulike genre. Nokre får du sjå på Eikefjorddagane.

## INGELIN HEGRANES OG TORUNN HAMMERSETH



Ingelin Hegranes fra Florø og Torunn Hammerseth fra Askrova er to kreative damer som bur i Florø. Og målar saman i maleklubben Ultramarin i Strandgt. Ingelin brukar akryl og Torunn akvarell og akryl. Dei har alltid likt å teikne og måle, og har hatt utstillingar tidlegare. Ingelin har i vår vore på målekurs i England og har med seg mange inntrykk derifrå. Torunn hentar inspirasjonen sin i den fine naturen rundt Florø. Målar også ein del på oppdrag.





LANDETS STØRSTE HJORTESEMINAR

# Hjort 2013

CLARION BERGEN AIRPORT HOTEL

**Bergen 28. – 29. august**

Etter mange år som fast årlig arrangement i Florø, flytter Norges største hjorteseminar i år til Bergen og Flesland.

**Hjort 2013** blir fullspekket med den mest oppdaterte kompetansen innen forvaltning av dette fantastiske viltet.

For program – se våre nettsider.

**Stiftelsen Norsk Hjortesenter**
www.hjortesenteret.no
hjort@svanoy.com
Telefon 5775 2180 - Telefaks 5775 2190



VAARDAL

BLIKK OG VENTILASJON

Skridsholsgate 6 • 6900 Florø • Tlf: 57 74 22 75
**post@vaardal-as.no • www.vaardalblikk.no**

• Vestnes ocean
• Vestnes land

VESTNES
NORWAY

Leirvåggt. 1, 6900 Florø - Tel 5775 2070
post@vestnesnorway.com - www.vestnesnorway.com





## SIGNE FORTUN WEKA – BILETKUNSTNAR

Signe Fortun Veka har dei siste 12 åra hatt mange utstillingar i Luster og Sogndal, men også stilt ut på Svalbard, Irland og Haugesund. Dei siste åra har ho undervist i akvarellmåling. Signe hentar særleg motiva sine frå fjellområda i Luster, gamle hus og stølar, blomar og fjord, og ho har bilete frå Svalbard og USA.



## SYNNØVE FUGELSNES BRANDSØY - GLAS HOBBY

Synnøve er tilbake på Eikefjorddagane! Ho kjem frå Kristiansund, men bu no i Brandsøy.Ho starta med glasskunst for tre år sidan, etter å ha gått på kurs hos Tove Ringheim som driv glasbutikken Kattepina i Florø. Lagar dørskilt, dåpsbilde, frukostservise, lys-fat, skåler, fat, smykker, øyredobbar og armband.





råd & regnskap®



– gode råd **for god råd**

A til Å - www.atila.no

råd & regnskap®

Lindheimvegen 1 • 6900 Florø
T. 57 75 25 00 • F. 57 75 24 90 • post@rr-f.no

*Florø • Førde • Bremanger • Bergen*

**www.rr-f.no**












# Politikardebatt under ED 2013



**Jan Tore Sanner** (48) kjem frå Akershus og har vore stortingspolitikar for Høgre sidan 1993. Han har vore 1. nestleiar i Høgre sidan 2008 og er talsmann for partiet i finans- og næringspolitiske spørsmål. Sanner er også 2. nestleiar i finanskomitèen på Stortinget.



**Ingrid Heggø** (51) kjem frå Høyanger og har vore stortingspolitikar for Arbeidarpartiet sidan 2005. Heggø er medlem i næringskomitèen på Stortinget. Ho har tidlegare vore varaordførar i Høyanger kommune. Heggø er 1. kandidat for Sogn og Fjordane Arbeidarparti ved stortingsvalet 2013.



**Frank Willy Djuvik** (34) kjem frå Florø og har vore fast medlem og gruppeleiar på Fylkestinget for FrP sidan 2010. Han er gruppeleiar for Frp i Flora bystyre, der han er leiar i samferdsleutvalet. Djuvik er også fylkesleiar i Sogn og Fjordane FrP og partiet sin 1. kandidat til stortingsvalet 2013.



**Sveinung Rotevatn** (26) kjem frå Nordfjordeid og har vore leiar i Unge Venstre sidan 2010. Han er førstekandidat for Sogn og Fjordane Venstre ved stortingsvalget 2013.



**Vibeke Johnsen** (46) kjem opprinneleg frå Trøndelag, men er no busett i Sogndal. Johnsen er leiar i Sogndal SV, kommunestyremedlem i Sogndal og nestleiar i Kvinnepolitisk utval i partiet. Ho er 1. kandidat for SV i Sogn og Fjordane ved stortingsvalet 2013.



**Sigurd Reksnes** (36) kjem frå Eid og er 1. nestleiar i Senterpartiet i Sogn og Fjordane. Reksnes er kommunestyrerepresentant og formannskapsmedlem i Eid kommune. Han er SP sin 3. kandidat til stortingsvalet 2013.

ProffPartner

Vi ønskjer
Eikefjorddagane til lukke med
10 årsjubileet!

Besøk oss på vår stand
laurdag 17. og
søndag 18. august!

JERNIA
VIKING STIHL BOSCH







EIKEFJORD KYRKJE FREDAG:

# Sigrid Moldestad Band

**Sigrid & bandet har dei siste åra vitja jazz- og countryfestivalar, kyrkjer og utescene, dei lokka 150 personar til toppkonsert på Skåla (1848 moh.) og har turnert på store festivalar i utlandet som Tønderfestivalen i Danmark og Celtic Connection i Skottland.**

Folkemusikkartisten har sterk identitet i fela og dei nynorske tekstane. Ho skriv mykje av musikken sin sjølv, i tillegg til at ho lånar dikt av Robert Burns, Jakob Sande og Tove Ditlevsen. Hennar eigen «Vise til Far» og Robert Burns «Ein Sæl kyss» er for mange favorittar. Sigrid Moldestad er soloartist, men jobbar alltid i nært samarbeid med bandet sitt. Det musikalske uttrykket bevegar seg naturlig mellom musikarar med bakgrunn frå rock, folkemusikk, kyrkjemusikk, blues, reagge, vise og støymusikk.

**Sigrid Moldestad med band kjem til Eikefjorddagane og held konsert i Eikefjord kyrkje fredag 16. august kl. 20.00.**










Vi har også med Suzuki Swift, SX4 og den fantastiske Isuzu D-Max.

**Førde**
Halbrendsøyra, 6800 Førde
Tlf. 57 82 99 00

**Opus**

**Sogndal**
Granden 23, 6856 Sogndal
Tlf. 57 62 57 57

**www.opusas.no**




**Den komplette festopplevinga:**

# «Gran Prix»

«Gran Prix» er ei reinspikka underhaldingsmaskin med to av Vestlandets mest drevne showtrubadurar i front, og er konstruert med eitt mål for auget - at publikum skal få den komplette festopplevinga. Musikarane og entertainerane Torbjørn Gran og Øystein Eckhoff utgjer eit knallsterkt lag, og saman med Strynetrommis Åge Nygård er uttrykket komplett. Med høg musikalitet, energi og forløysande humor leverer dei ei slagerparade av kjende låtar som publikum likar å høyre, syngje med på og danse på borda til. Så hiv på deg skjorta, legg håret til rette, smør songstrupa og la rockefoten bevege seg til ei bandoppleving med underhaldningsverdi!






# Paintball – Lammetun Ferie & Fritid

***«Treff kompisen på ein ny måte, prøv paintball hos Lammetun Ferie & Fritid.» Vi kjem til Eikefjorddagane!***

Kampar på 45 minutt. Kampstart kvar heile time. Kr 200 pr magasin. Påfyll av nytt magasin kr 200. Vi stiller med alt nødvendig utstyr. Aldersgrense 16 år.Påmelding på mobil 47 28 36 34.

Vi ønsker lykke til med årets arrangement
